



Gk Inneklima AS Avd Bergen Knarvik
Kvassnesvegen 48
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2426 - 18/29775

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

28.09.2018

Løyve til utskifting av ventilasjonsanlegg - gbnr 188/488 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 531/18

Tiltakshavar: Lyngtun Eiendom AS

Ansvarleg s kj r: GK Inneklima AS

S knadstype: S knad om l yve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld s knad om l yve til utskifting av ventilasjonsanlegg i 1. etasje av forretningsbygg . Det vert elles vist til s knad motteken 14.08.2018 og supplert 21.09.2018 med vedtak fr  Arbeidstilsynet.

Sakshandsamingsfrist

S knaden var komplett og klar for handsaming den 21.09.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker fr  denne dato.

Planstatus

Tiltaket er i samsvar med bestemmelsene i omr deplanen for Knarvik.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale fr  anna styresmakt

Arbeidstilsynet har i vedtak datert 18.09.2018 gitt samtykke til planane om « nytt ventilasjonsanlegg i byggets forretningslokale i 1. etasje».

Nabovarsel

Det er gjeve fritak fr  krav om nabovarsling.

Plassering

Nytt ventilasjonsanlegg skal plasserast i innvendig ventilasjonshus.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalst 

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og installerast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for utskifting av ventilasjonsanlegg i forretningslokale på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i planteikning over 1. etasje datert 20.07.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/2426

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggarbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gk Inneklima AS Avd Bergen Knarvik Kvassnesvegen 48 5914
Lyngtun Eiendom AS Kvernhusmyrane 5914
12

ISDALSTØ
ISDALSTØ